

# SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval         | Type | Dato       |
|--------|---------------|------|------------|
| 027/23 | Formannskapet | PS   | 03.05.2023 |
| 032/23 | Heradsstyret  | PS   | 10.05.2023 |

| Saksbehandlar     | ArkivsakID |
|-------------------|------------|
| Olaf Michal Hella | 23/1057    |

## Kvalitetssystem for oppvekst, undervisning og kultur

### Vedlegg:

Osterøy på sitt beste 2021-2025 med kvalitetssystem

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Osterøy kommune innfører styringsdokumentet -Osterøy på sitt beste -Felles ansvar for ein trygg og meningsfull kvardag, med eit system for kvalitetsoppfølging i oppvekst, undervisning og kultur.

### Formannskapet - 027/23

#### FS - behandling:

#### AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

#### FS - vedtak:

Osterøy kommune innfører styringsdokumentet -Osterøy på sitt beste -Felles ansvar for ein trygg og meningsfull kvardag, med eit system for kvalitetsoppfølging i oppvekst, undervisning og kultur.

### Heradsstyret - 032/23

#### HS - behandling:

Framlegg og avrøysting kjem fram i voteringsprotokollen som ligg ved nedst i den samla møteprotokollen.

#### HS - vedtak:

Osterøy kommune innfører styringsdokumentet -Osterøy på sitt beste -Felles ansvar for ein trygg og meningsfull kvardag, med eit system for kvalitetsoppfølging i oppvekst, undervisning og kultur.

### Saksopplysningar:

#### Saksopplysningar:

Oppvekst, undervisning og kultur har gjennom dei to siste åra utvikla styringsdokumentet Osterøy på sitt beste -Felles ansvar for ein trygg og meningsfull kvardag, med eit system for kvalitetsoppfølging. Målet med planen er at alle avdelingar vurderer og utviklar kvaliteten i tenestene.

## **Bakgrunn**

Rådmannen har dei siste åra vurdert kvaliteten i opplæringa gjennom kvalitetsmelding for skule. I meldinga er det avdekka blant anna at resultatata før 5. trinn i grunnskulen må betrast. Styringsdokumentet er utvikla for at alle avdelingar i oppvekst, undervisning og kultur vurderer eigen kvalitet og bidrag til utvikling av resultat og gode tenester. Dei ulike delane av oppvekst, undervisning og kultur har ulikt datagrunnlag og tenester. Å tilpasse forteljingar, vurderingar og resultat og sjå desse i samanheng har for nokre avdelingar vore krevjande. Systemet må evaluerast og vidareutviklast i tida som kjem. Det har vore viktig for rådmannen at leiarane i Oppvekst, undervisning og kultur har vore med i prosessar rundt utforming av styringsdokumentet for å skape forståing, forankring og meining.

## **Vurdering**

Styringsdokumentet og systemet er utvikla for at avdelingane og dei tilsette skal vurdere og analysere kva som ligg bak dei resultat og bidrag ein har gjennom opplæringstilbodet barn og unge får i Osterøy kommune. Alle som arbeider må stille seg spørsmål som:

- Kva er resultatet?
- Kva kan ligge bak resultatet?
- Kva kan gjerast for å endre resultatet?

Kvalitetssystemet skal bidra til at avdelingane og tilsette vurderer eigen kvalitet jamleg og set mål og tiltak for systematisk oppfølging av barn og unge.

## **Konklusjon**

Osterøy kommune innfører styringsdokumentet Osterøy på sitt beste - Felles ansvar for ein trygg og meningsfull kvardag, med eit system for kvalitetsoppfølging.